

# EVALUERINGSRAPPORT AORG 107

## Haust 2013

### STUDENTMASSEN

| Semester   | N  | Av eksamens-meldte | Andel kvinner | Andel menn | Snitt-alder | Studie-erfaring (år) | Tilhører adm.org |
|------------|----|--------------------|---------------|------------|-------------|----------------------|------------------|
| Haust 2011 | 19 | 27%                | -             | -          | -           | -                    | -                |
| Haust 2013 | 43 | 33%                | 56%           | 44%        | 22          | 1-3 (74%)            | 26%              |

### UTBYTTE OG GENERELL VURDERING

Snittvurderinger der 1 er lavest og 5 er høyest

| Semester   | Fornøyd generelt | Utbytte forelesning | Utbytte pensum | Utbytte seminar | Praktisk informasjon |
|------------|------------------|---------------------|----------------|-----------------|----------------------|
| Haust 2011 | 3,2              | 2,7                 | 3,1            |                 | 2,4                  |
| Haust 2013 | 3,16             | 3                   | 3,76           | 4,37*           | 3,71                 |

\*Tal frå eigen undersøking gitt på seminar

### Kommentarar

Som ein ser av tabellen over har det vore ein framgang på dei fleste variablar på dette relativt ny-etablerte emnet. Ein ser ein liten nedgang i om ein er generelt nøgd med emnet, men ein framgang på alle variablar som har med utbytte. Med alle ny etablerte emne vil ein forvente at det vil ta noko tid før alt er på plass, denne evalueringa peikar vertfall på at ein er på rett veg.

I dei skriftlege kommentarane er det mest kommentarar som går på førelesningane, både positive og negative. Nokre likar stilen til den eine førelesaren, medan andre den andre. Det som vart etterlyst er klarare struktur på førelesninga, bruk av powerpoint og at plansjane som vart nytta blir gjort tilgjengelege på Miside. Elles er det nokre tilbakemeldingar på pensum, mange skriv at det er komplisert, men bra. Fleire understrekar at det var dyrt pensum på dette emnet.

## EIGA DELTAKING

**Median – oftast valde alternativ, med prosentdel som valde det alternativet**

| Semester   | Deltakelse forelesning (av 14) | Deltakelse seminar (av 10) | Andel pensum lest (av 1300 sider) |
|------------|--------------------------------|----------------------------|-----------------------------------|
| Haust 2013 | 12-14 (51%)                    | 8-10 (74%)                 | 300-600 (49%)                     |

### Studentenes prioritering av kurset i forhold til andre kurs

53% av studentane har oppgitt at dei har brukt like mykje tid på dette kurset som andre kurs dei tar. Medan 26% melder at dei nedprioritera dette kurset i forhold til andre kurs. Av dei som nedprioriterte kurset skriv dei at dei gjorde dette grunna at andre emne hadde meir obligatoriske arbeidskrav, eller at dei høyre til eit anna fagområdet og difor prioritere det høgare enn dette kurset som dei tar som friestudiepoeng.

### OPPSUMMERING

Sjølv om dette emnet kjem noko dårligare ut enn andre emne på 100-nivå er dette framleis eit relativt nytt emne og ein får ta med seg dei kommentarane som kom inn og forsette utviklinga av emnet. Samstundes ser ein jamt over ein framgang på dei fleste variablar, noko ein må ta med seg inn i det vidare arbeidet.